



Freistande traktorvafler!

**I går var den store vaffeldagen, og det vart nok markert mange stader. For borna i Dønhaug Gardsbarnehage var denne markeringa heilt spesiell. Berre legg merke til forma på dei tøffe vaflene ovanfor. Ja, det er verkeleg traktorvafler!! Forklaringa finn de i denne koselege meldinga vi har fått frå styrar Helene H. Bjørnebøle i barnehagen:**

I dag er den store vaffeldagen, og det måtte vi i barnehagen markera. Randi har vore så lur å senda mail til Moods of Norway, og fortalt om barnehagen, ho skreiv at vi ønska oss eit traktor- vaffeljern.

Til alles store overrasking og glede fekk vi eit flott rosa traktorvaffeljern hos dei. Dette var veldig kjekt, og både barn og vaksne satte stor pris på dei stilige vaflene, som smakte ekstra godt pga utsjåande sitt!

Mvh  
Helene



Spente born når Randi M. Nybakk pakkar ut.



Eit traktorvaffeljern var i pakken!





Så flott vaffeljern fekk dei!

Tekst: Helene Huse Bjørnebøle/Thor Inge Døssland  
Foto: Dønhaug Gardsbarnehage  
Nett: Thor Inge Døssland